

Føretaksmøte 15. desember 2017

www.helse-vest.no

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF



DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 15. desember 2017 kl. 11.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Bruk av premiefond

Sak 4 Sal av eigedom i henhold til lov om helseforetak § 31 (ref. styresak 109/17 i Helse Vest RHF om sal av eigedomen Manger i Radøy kommune)

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum (etter fullmakt frå statsråden)

Frå styret møte

Styreleiar Terje Vareberg

Frå administrasjonen møte

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Også til stades

Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum ønske, som øvste eigarmyndigheit, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurte om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Styreleiar Terje Vareberg og ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum blei valde til å skrive under protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Bruk av premiefond

Føretaksmøtet viste til Prop. 21 S (2017–2018) *Endringer i statsbudsjettet 2017 under Helse- og omsorgsdepartementet*. Her er det omtalt at oppdaterte anslag for helseføretaka sine pensjonspremiar for 2017 viser ein reduksjon på om lag 250 mill. kroner samanlikna med det som tidligare er lagt til grunn. Det er foreslått at endra likviditetsbehov som følgje av dette blir handtert gjennom redusert bruk av premiefond. Medrekna effekt av arbeidsgjevaravgift på 32 mill. kroner inneber dette at dei regionale helseføretaka sin bruk av premiefond i 2017 blir redusert med 218 mill. kroner, frå 5 100 mill. kroner til 4 882 mill. kroner. Som følgje av dette blir det ikkje endringar i dei regionale helseføretaka si vedtekne ramme for driftskreditt. Reduksjonen i bruk av premiefond blir gjort med atterhald om Stortinget si godkjenning.

Helse Sør-Aust RHF sin del av redusert bruk av premiefond utgjer 117 mill. kroner. Helse Vest RHF sin del av redusert bruk av premiefond utgjer 42 mill. kroner. Helse Midt-Noreg RHF sin del av redusert bruk av premiefond utgjer 31 mill. kroner. Helse Nord RHF sin del av redusert bruk av premiefond utgjer 28 mill. kroner.

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka sin bruk av premiefond i 2017 blir redusert med 218 mill. kroner frå 5 100 mill. kroner til 4 882 mill. kroner. Reduksjonen blir fordelt med 117 mill. kroner på Helse Sør-Aust RHF, 42 mill. kroner på Helse Vest RHF, 31 mill. kroner på Helse Midt-Noreg RHF og 28 mill. kroner på Helse Nord RHF.

Sak 4 Sal av eigedom i henhold til lov om helseforetak § 31 (ref. styresak 109/17 i Helse Vest RHF om sal av eigedomen Manger i Radøy kommune)

Det vart vist til brev frå Helse Vest RHF datert 21. november 2017 der føretaksmøtet vart bedt om å behandle sal av eigedomen Manger i Radøy kommune. Eigedomen er eigd av Helse Bergen HF.


Føretaksmøtet var gjort kjent med at Radøy kommune ønskjer å kjøpe eigedomen.


Føretaksmøtet vedtok:

- 1. Føretaksmøtet godkjenner, ut frå sak 109/2017 med tilhøyrande vedtak i styret i Helse Vest RHF, sal av eigedomen Manger med gnr. 45, bnr. 188 i Radøy kommune.*
- 2. Føretaksmøtet legg til grunn at frigjorte midlar ved salet skal nyttast til nedbetaling av gjeld eller investeringar i varige verdiar.*
- 3. Føretaksmøtet presiserer at ved vurderinga av oppnådd resultat i Helse Vest RHF vil ein sjå hen til eingongseffektar som gevinst eller tap frå sal av eigedom.*
- 4. Føretaksmøtet legg til grunn at salet vil inngå i departementet sine samla vurderingar av Helse Vest RHF sitt framtidige behov for langsiktige lån.*

Møtet vart heva kl. 11.15.

Oslo, 15. desember 2017


Målfrid Bjærum


Terje Vareberg